Naturvernforbundet
i Møre og Romsdal

Granskog på Stemshesten?

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – E-post: moreogromsdal@naturvernforbundet.no – Org. Nr. 871367132
www.naturvernforbundet.no/mr

Denne saka starta med eit innlegg Olav Hansen skreiv i Romsdals Budstikke 13.5.2020 om sitkagran som er i ferd med å overta delar av Stemshesten- Skottenvatnet.

RB 13.5.20

Stemshesten

Jeg kommer med en advarsel, og hva dette vil føre til. I høst når jeg var en tur til Olavsbu for en liten reparasjon av døra, fikk jeg til min store skrekk se at hele fjellsiden ned mot Skottheimsvatnet var full av skudd fra sitkagran. Også oppe på selve platået hadde grana slått rot. Om noen få år er de for sent å gjøre noe med dette. Og dette enestående fjellet med høyfjellsfølelse blir ødelagt. Dette burde de vert en dugnad på, med å rive opp plantene mens de er små.

Olav Hansen

Artskart for området blei sjekka opp med tanke på kva som finst av observasjonar av framande granartar. I området er det registrert 3 førekomstar av frøspreidd sitkagran. John Bjarne Jordal har gjort 2 observasjonar i lia mellom Skottenvatnet og Sjurvarden og ein observasjon på Stemshesten i mai 2018. Elles er det ikkje registrerte observasjonar.

Spørsmålet er dermed om omfanget er så lite at det ikkje treng merksemd, eller om omfanget er stort og krev både merksemd og innsats.

Såleis fann Naturvernforbundet det nødvendig å undersøke området nærare, for å få ein viss kunnskap om kor stor spreiinga av granartar i området kunne vere. 24.5.2020 gjekk difor Knut Løken, Kjell Lyse og Øystein Folden kartleggingstur i området. Vi gjekk opp frå skytebanen, på nordsida og tok direkte mot vest i retning av Stemshesten. Deretter gjekk vi inn på stien mellom Stemshesten og Sjurvarden. Vidare via Olavsbu og så ned ryggen mellom Skottenvatnet og Skavatnet.

Sitkagran/lutzgran

Dei siste par åra har det kome til ny kunnskap om sitkagran/lutzgran. Lutzgran er hybriden mellom sitkagran og kvitgran. Kryssa individ kryssar tilbake med foreldreartane, slik at lutzgran kan ha eigenskapar nær opp til foreldreartane, eller vere noko midt i mellom. Såleis skil ikkje Artsdatabanken mellom sitkagran og lutzgran, då det berre er ein del av individa som kan bestemmast til lutzgran, og ingen til sikker sitkagran.

Ein del av funna som blei gjort 24.5.2020 er gjennomgått på nokre karakterar: Nålene er langt frå flate, dei er ganske breie til dei har ei brå avslutning i ein spiss og spalteopningane på oversida av nålene er samanhengande striper. Det blei gjort eit stort tal funn denne dagen, og mange av trea var små og blei ikkje nøye undersøkt, så ein kan ikkje garantere at alle funna oppfylte alle krava. Men alle funna ligg i komplekset sitkagran-lutzgran.

For den aktuelle bruken har det ikkje avgjerande betydning at trea ikkje er bestemt eintydig, då båe desse er vurdert å ha svært høg risiko (SE). I denne rapporten vel vi å nemne trea som lutzgran.

Nålene på grana I Stemshestenområdet liknar stort sett på desse. Brå overgang mot spissen, og langt frå flate nåler. Spalteopningane syner lite/er små, truleg fordi uttørking er ein viktig påverknad i dette området.

Både på vestsida og austsida av fjellområdet Stemshesten er sitkagran og lutzgran brukt i leplantingar. Trea er opp til ca. 60 år gamle og har gjennom ein del år hatt kongler som har gitt frøspreiing. Frøa har vengar tilpassa vindspreiing. Frøa blir tatt av vinden og ført fleire kilometer frå mortrea. Når frøa kjem i le, vil oppdrifta minke og frøa fell til bakken. Typisk kan ein finne ein del frøspreidde tre i område der snøen ligg litt lenge. Det har med leverknad å gjere. På søraustsida av Sjurvarden var det elles eit område som kan ligge i le for oppdriftsvindar som følgje av solvarme også.

Vi la også merke til eit område med vinderosjon der det var ein del frøspreidde individ. Her er ikkje leverknad bestemmande. Men ein veit at ope mineraljord gir auka frøspiring. Det er den same effekten ein kan sjå i vegkantar og grøftekantar.

Svært mange av trea som blei funne var tørka i toppen. Greinene nede ved bakken var grøne og friske. Venteleg vil desse utvikle seg vidare, til treet igjen tørker ut i toppen. For kvar gong vil dei nedste greinene og rota ha utvikla seg litt meir. Til slutt er dei så kraftige at dei får til å utvikle større tre. Vi såg knapt noko tre som var heilt daudt.

Frå andre stader som er verharde ser ein at desse trea kan ha alder til konglesetting sjølv om dei ikkje er meir enn 2-3 meter høge.

Nokre av trea blei funne bak steinar og i groper i terrenget, noko som gjer at ein mindre del av treet tørkar.



Figur 1. www.artsobservasjoner.no. Utval er lutzgran observert 24.05.2020. Blå punkt representerer samlingar av fleire enkeltregistreringar. Det blei registrert lutzgran på i alt 198 punkt. Ein del av punkta representerer fleire individ, slik at registreringa gjeld til saman 259 individ.



Utsnitt frå området ved Sjurvarden. På nordaustsida blei berre observasjonar gjort der vi passerte. Vi såg det var fleire i området, men snøtilhøva tilsa noko varsemd.

Nærast Sjurvarden på sørsida avslutta vi registreringa så snart vi hadde dokumentert førekomst.

Dei to andre svermane er etter meir omfattande, men ikkje systematisk leiting for å kunne dokumentere mengde på eit visst område.

Figur 2 Sjurvarden. Høgaste registrering ca. 635 moh.



Figur 3. Slakare område med nokre restfelt med snø søraust for Skottenvarden. Kartlagd som to streif i vest og ei meir omfattande flateregistrering i austre del av utsnittet.



Figur 4. Utsnittet utgjer ca. 86 x 100 m, 8, 6 dekar. På dette arealet er det i alt 34 registreringar med til saman 38 individ. Delar av området var dekt av snø, og området blei heller ikkje undersøkt heilt systematisk.



Figur 5. Frå Kyrhaugen til utlaupsosen av Skottenvatnet blei det registret litt breitt langs stien. Frå utlaupsosen blei det gjort ei litt ufullstendig registrering i grøftene til traktorvegen.

Fjerning – alt for store utan reiskap
Viss ein vil fjerne lutzgrana som no står over skoggrensa, så er det tale om trehøgder varierande mellom småplanter på 10 cm til meir etablerte småtre opp til eit par meter. Dei minste trea opptil 20 cm kan ein stort sett dra opp. Blir dei stort større, må ein rekne med å bruke greinsaks. Då må ein kutte trea under den lågaste greinkransen så ikkje ei låg grein blir til ny hovudstamme.

Det vil også vere eit spørsmål om kor stort tre ein kan la bli liggande igjen utan å gjere noko med det.

Kven eig rømlingane, kven bestemmer, kven tar ansvar?



Dei høgareliggande delane av området er sameige. Det som ligg lågare ned er fordelt på mange og smale teigar i delar av området. Eigedomstilhøva knytt til der opphavet til frøspreiinga står kan vere komplisert nok, då det ofte er planta i eigedomsgrensa. Ein del av plantinga er dessutan skjedd på oppfordring av det offentlege i si tid.

Figur 6. Kartverket, Geovekst, kommuner og OSM - Geodata AS | Miljødirektoratet.

Den som eig skog har eit ansvar for at denne skogen ikkje spreier seg til stader han ikkje skal vere, men dette blir i mindre grad praktisert. Det er heller ikkje berre enkelt at den som er opphavet til rømlingane kjem på annan mann sin grunn og fjernar frøspreidde tre.

Kven er det forresten som bestemmer om det skal vere skog eller snaufjell på Stemshesten? Lenge har naturen sjølv sett grense for dette. No er det ein sum av klimaendringar og bruk av andre treslag enn før som faktisk gjer det naturleg å stille eit slikt spørsmål.

På vår kartleggingstur kom vi i prat med ein del vanlege turgjengarar. Vi fortalde kva vi heldt på med. Mange hadde sett lesarinnlegget. Det var nokre som hadde lagt merke til småtrea, men mange hadde ikkje lagt merke til trea før vi peika dei ut. Men det var veldig klart frå samtlege at skog over noverande skoggrense ville vere veldig negativt.

Vi trefte og ein turgjengar som sa at vi kunne sjå kor ho hadde gått. Der låg det småplanter som var nappa opp. Om dette er å rekne som sjølvtekt eller nødverje kan moglegvis diskuterast. Viss ein finn ut av kven som kan gje løyve, er det truleg at ein kan få til dugnad på fjerning av tre. Men det må vere tusenvis med tre det dreier seg om, og ein del av dei står dessutan slik til at ein treng sikring for å kome til.

Ein ting er å fjerne rømlingane i fjellet. Men opphavet til rømlingane står enn så lenge nede på flatlandet. Skal desse trea få stå og spreie sine frø fortare enn andre klarer å fjerne trea som veks opp?

Det er nødvendig at nokon får gjort ein gjennomgang av desse spørsmåla, slik at ting ikkje berre blir som det blir fordi ingen kan få gjort noko med det.



Figur 7. Frå www.artsobservasjoner.no Funna av lutzgran 24.5.2020 innlagt på flyfoto. Blå punkt representerer fleire registreringar.

Figur 8. I bakgrunnen leplantingar i Eide - Sandblåstvågen/Gaustadvågen. Mot høgre biletkant er det også ein liten planteteig, sannsynlegvis lutzgran. Foto 24.05.2020 Øystein Folden

Figur 9. I ei grop i den terrengdekkande myra sør for Stemshesten sto det ei lutzgran. Den nedre delen av treet er nok oftast nedsnødd når vinden tørker ut den øvste delen som stikk opp. Foto 24.05.2020 Øystein Folden

Figur 10. Mellom Farstad og Hostadvatnet er det flatland med store leplantingar av lutzgran/sitkagran. Foto 24.05.2020 Øystein Folden

Figur 11. Ca. 35 høgdemeter under toppen av Sjurvarden, på sørsida. Melen i bakgrunnen. Foto 24.05.2020 Øystein Folden

Figur 12. I nordaustsida av Skottenvarden er det le, og dermed også ein del lutzgran. Det er truleg avgrensa kor mange som melder seg for å sjå nærare på desse. Foto 24.05.2020 Øystein Folden

Figur 13. Olavsbu ligg fritt til, men kan om 50 år vere ei hytte i granskogen. Foto 24.05.2020 Øystein Folden

Tingvoll/Molde 31.5.2020

Øystein Folden Kjell lyse Knut Løken

Forsida: I nordsida av Sjurvarden, med Stemshesten nede til høgre, finst det også frøspreidd lutzgran. Foto 24.05.2020 Øystein Folden

Denne rapporten kan refererast som
Folden, Ø., Lyse, K. S. & Løken, K., 2020. Granskog på Stemshesten? Naturvernforbundet i Møre og Romsdal.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal mottar ikkje offentleg støtte. Utgiftene med denne rapporten er dekt av våre medlemmer og ved dugnad.